
Saksnr: 2020/73796-1
Saksbehandlar: Kaia Wøien Nicolaisen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovedutval for næring		25.11.2020

Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Forslag til vedtak:

Hovedutval for næring ber administrasjonen arbeide vidare med å planlegge etablering av klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland.

Samandrag

Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Vestland arbeider med å få etablert to prisar: klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland. Desse er tenkt delt ut annakvart år. Gjennom denne saka gjer vi greie for arbeidet så langt, og ber om klarsignal for å arbeide vidare med å utforme eit opplegg for dei to prisane.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen ønskjer i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland å etablere to prisar; klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland. Prisane skal medverke til auka merksemd rundt gode klima- og miljøvennlege tiltak i landbruket, samt auka merksemd rundt kulturlandskap og -verdiar og utfordringar knytt til dette. Det vert delt ut ein pris kvart år, der klima- og miljøprisen og kulturlandskapsprisen vil verte delt ut annakvart år.

Landbruk har tradisjonelt vore viktig for Vestland, og er framleis ei stor og viktig næring for fylket. Miljø- og klimautfordringar krev at landbruket tilpassar seg endringar, samtidig som ein tek i bruk nye løysingar for å redusere belastninga på klima og miljø. Det er på den enkelte garden at tiltak knytt til klima og miljø kan løysast, og vi er avhengige av gardbrukarar som er villige til å ta i bruk nye metodar og/eller gjere ein ekstra innsats for dette. Landbruket har også sett sitt preg på kulturlandskapet i Vestland. Kulturlandskapet blir teke godt vare på og oppretthelde ved eit aktivt og berekraftig landbruk, med vekt på beitebasert husdyrbruk. Kulturlandskapet er viktig for å oppretthalde vår kulturhistorie, og er også ein viktig del av det vi har å vise fram i reiselivssamanheng. Ved etablering av klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland og kulturlandskapsprisen i Vestland vil vi gjere stas på dei som gjer ein ekstra innsats innan desse områda, og kanskje kan prisane motivere andre til også å gjere ein ekstra innsats.

Klima- og miljøprisen for landbruket i Vestland

Føremålet med prisen er å medverke til auka merksemd og kunnskap om landbruk og agronomi som gir lite avrenning til vassmiljø, lite utslepp av klimagassar, stort opptak av Co2, gode klimatilpassingar og god handtering av avfall og miljøgifter. Prisen skal vere ei påskjønning for særskilt innsats i dette arbeidet.

Prisen kan delast ut til gardbrukarar som utmerkar seg med miljø- og klimavennleg drift. Prisen kan også delast ut til organisasjonar, bygde- og grendelag, grunneigarlag eller andre former for fellestiltak og samarbeid som arbeider særskilt for auka miljø- og/eller klimainnsats i landbruket. Prisen kan og gå til landbruksretta næringsverksemd, FoU-verksemdar og andre der dei har ytt ein ekstraordinær innsats utover den vanlege verksemda.

Juryen vil bestå av representantar frå Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, bondelaget i Vestland og bonde- og småbrukarlaga i Vestland.

Prisen er eit diplom og ein pengesum på kr 30 000 og vert delt ut på lokalt arrangement hos prisvinnar. Vinnaren vert også invitert på den årlege landbrukskonferansen arrangert av Fylkesmannen og fylkeskommunen for presentasjon av vinnaren og arbeidet som er gjort.

Kulturlandskapsprisen i Vestland

Føremålet med prisen er å medverke til auka merksemd og kunnskap om kulturlandskap og -verdiar og utfordringar knytt til dette. Prisen skal vere ei påskjønning for særskilt innsats i dette arbeidet.

Prisen kan delast ut til gardbrukarar og grunneigarar som utmerkar seg med å forvalte miljø- og kulturlandskapsverdiane på ein sær god måte. Prisen kan også delast ut til organisasjonar, bygde- og grendelag, grunneigarlag eller andre formar for fellestiltak og samarbeid. Prisen kan og gå til landbruksretta næringsverksemd, FoU-verksemdar og andre der dei har ytt ein ekstraordinær innsats utover den vanlege verksemda.

Juryen vil bestå av representantar frå Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, bondelaget i Vestland og bonde- og småbrukarlaga i Vestland.

Prisen er eit diplom og ein pengesum på kr. 30 000 og vert delt ut på lokalt arrangement hos prisvinnar. Vinnaren vert også invitert på den årlege landbrukskonferansen arrangert av Fylkesmannen og fylkeskommunen for presentasjon av vinnaren og arbeidet som er gjort.

Vidare arbeid og finansiering av prisane

Representantar frå Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland vil ferdigstille kriteria som ligg til grunn for prisane. Finansiering av prisane vert delt av Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland. Når vi har utarbeidd eit framlegg til kriteria mm kjem vi tilbake med ei politisk sak der vi inviterer til å gjere eit endeleg vedtak om å opprette desse prisane. I denne saka inviterer vi hovudutvalet til å eventuelt kome med synspunkt, og til å gje administrasjonen i oppdrag å arbeide vidare med dei to nemnde prisane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring kan gje administrasjonen i oppdrag å arbeide vidare med desse prisane.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Liten kostnad, som vil verte finansiert innanfor ramma.

Klima: Prisane støttar opp under eit godt arbeid med klima og miljø.

Folkehelse: Alle klima- og miljøtiltak er på sikt eit løft for folkehelsa.

Regional planstrategi: Tankane bak støttar opp under føringane frå planstrategien.

Konklusjon

På grunnlag av hovudutvalet sine tilbakemeldingar vil administrasjonen arbeide vidare med å forme kriteria for dei to nemnde prisane. Når dette er gjort kjem vi tilbake med ei ny politisk sak.